



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Skysreglement for grunnskulen i Sogn og Fjordane

Gjeld frå skuleåret 2013/2014

INNHALD:

1	LOVHEIMEL / RETNINGSGIVANDE HOVUDPUNKT	1
2	KVA GJEV RETT PÅ FRI SKULESKYSS?	1
2.1	Avstand mellom heim og skule	1
2.2	Gangavstand	2
2.3	Farleg skuleveg	2
2.4	Båttransport	3
3	SKYSS FOR ELEVAR MED VARIG FUNKSJONSHEMMING.....	3
4	SKYSS FOR ELEVAR MED MELLOMBELS SKADE.....	3
5	SKYSSRETT FOR SÆRSKILDE ELEVGRUPPER	4
5.1	Skyss til private grunnskular	4
5.2	Vaksne med rett til opplæring.....	4
6	ELEVEN SIN HEIM	5
6.1	Delt bustad.....	5
6.2	Barn i asylmottak	6
6.3	Elevar i fosterheim	6
6.4	Mellombels bustad.....	7
6.5	Elevar i avlasting	7
7	ELEVEN SIN SKULE	7
7.1	Nærmiljøskulen	7
7.2	Mellombels undervisning i andre lokale enn nærmaste skule	8
7.3	Undervisning fleire stader	8
8	SKYSSTANDARD OG REISETID	8
8.1	Skysstandard	8
8.2	Akseptabel reisetid	9
9	KOMMUNANE SITT ANSVAR.....	9

9.1	Ansvar til kommunen	9
9.2	Reisefølge og tilsyn	10
9.3	Psykososialt miljø	10
9.4	Følgjeteneste på skuleskyssen for 1. klassingane	10
9.5	Bortvising frå skuleskyssen	11
9.6	Innlosjering.....	11
9.7	Skyss for førskuleborn.....	11
10	SKYSS TIL SKULEFRITIDSORDNING - SFO	11
10.1	Generelle reglar	11
10.2	Elevar med tilrettelagt opplæringstilbod i skulefritidsordninga	12
11	PRIVAT SKYSS	12
12	INFORMASJONSPLIKT	12
13	VEDTAK OG KLAGERETT	12
14	INNMELDING OG SKYSSKORT.....	12
15	SAMORDNING MELLOM DEI ULIKE SKULANE.....	13
16	ADMINISTRASJON / ORGANISERING.....	13
17	ENDRING I SKYSSREGLEMENTET.....	14

1 LOVHEIMEL / RETNINGSGIVANDE HOVUDPUNKT

Kjelde: Opplæringslova §§ 7-1, 7-3 og 13-4

Elevar i 1. klasse som har meir enn to km mellom heim og skule ein veg har rett på gratis skyss. For elevar i 2. – 10. klasse er skyssgrensa fire km.

Skyssordninga gjeld for elevar som får grunnskuleopplæring etter opplæringslova og privatskulelova.

Fylkeskommunen sitt skyssansvar omfattar også skyss av elevar med varig funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom som har behov for skyss til/frå skule og SFO, utan omsyn til veglengda mellom bustad og opplæringsstad.

KOMMENTAR:

Som skuleskyss blir som hovudregel rekna den daglege transporten mellom heim og skule ved ordinære start- og sluttider. Ved avvikande start- og sluttider må skyssbehovet vurderast konkret.

Retten til gratis skyss til SFO for funksjonshemma elevar gjeld ikkje i skuleferiane.

Kommunane har plikt til å samarbeide om skyssen, m.a. skal kommunane ta med organisering av skuleskyssen i vurderingane når timeplan og skulerute for grunnskulen skal fastleggast.

Fylkeskommunen skal organisere skyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skyssen skal organiserast og finansierast, kan saka sendast Fylkesmannen for avgjerd.

Kommunen betalar refusjon etter gjeldande persontakst for born på strekninga.

2 KVA GJEV RETT PÅ FRI SKULESKYSS?

2.1 Avstand mellom heim og skule

Kjelde: Merknader frå Ot.prp. nr. 46 (1997-98) til § 7-1

Vi måler kortaste gangavstand på farande veg frå bustad til opplæringsstad (dør til dør). Brøytt gangveg tel med i avstandsmålinga. Dersom skulebygningen har fleire inngangsdører skal det målast til den døra som eleven til dagleg brukar ved skulestart og skuleslutt. Dersom det er fleire aktuelle inngangsdører, skal avstanden målast til den inngangsdøra som gir størst avstand.

KOMMENTAR:

Kortaste farande veg omfattar, i tillegg til køyreveg, gangvegar og private vegar som er opne for allmenn ferdsel. Avstandsgrensa på to km og fire km er absolutt. Det er såleis ikkje rom for skjønnsutøving med omsyn til avstanden.

I tvilstilfeller om avstand mellom heim og skule, skal fylkeskommunen sitt GIS data (c-pos) nyttast.

2.2 Gangavstand

Kjelde: Opplæringslova § 7-1

Merknader frå Ot.prp. nr. 46 (1997-98) til § 7-1

Rundskriv Udir-3-09, punkt 2

Ved utløyst skyssrett kan det krevjast at eleven skal gå ein rimelig distanse fram til haldeplass.

Sogn og Fjordane fylkeskommunen legg til grunn ein gangavstand på inntil ein km (1. klasse) og inntil to km (2. - 10. klasse). Gangstrekninga skal vere forsvarleg i høve til trafikkfarleg veg. Det skal vere særlege forhold ved skulevegen for å utløyse skyss med bakgrunn i trafikkfarleg skuleveg.

KOMMENTAR:

Elevar i 1. klasse som har meir enn ein km gangavstand til offentleg skyssmiddel har rett på særskilt skyss på denne strekkja. På same måte har elevar i 2.-10. klasse som har meir enn to km gangavstand til offentleg skyssmiddel rett på særskilt skyss på denne strekkja. Det er ein føresetnad for slik særskilt skyss til offentleg skyssmiddel at elevar i 1. klasse har to km eller meir mellom heim og skule, og at elevar i 2.-10. klasse har fire km eller meir mellom heim og skule.

2.3 Farleg skuleveg

Kjelde: Opplæringslova § 7-1

Rundskriv Udir-3-09, punkt 12

Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skuleskyss utan omsyn til avstand mellom heim og skule. Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg vert vurdert med omsyn til trafikktilhøve og klima. Vurderinga må sjåast saman med den enkelte elev sin alder og modnad.

Omgrepet «særleg farleg eller vanskeleg» inneber at faren ved å ferdast på denne vegen er utanom det vanlege.

Dersom avstanden er under skyssgrensa er det kommunen som fattar vedtak og har det praktiske og økonomiske ansvaret.

KOMMENTAR:

Dersom kommunen etter ei konkret vurdering finn at det ikkje er forsvarleg å krevje at eleven går frå heimen og fram til busshaldeplass/oppsamlingsplass, kan retten til skyss utløysast frå ein annan oppsamlingsplass enn den vanlege. I praksis vil dette ofte seie at eleven får skyss heilt frå heimen, men det kan også innebere at eleven får skyss frå ein anna oppsamlingsplass.

I tvilstilfelle bør det gjennomførast synfaring der det er naturleg at ein dreg veksle på følgjande partar; foreldra til eleven, skuleansvarleg og teknisk etat i kommunen, Statens vegvesen, Fylkesmannen, ruteselskap og fylkeskommunen. Synfaringa kan òg gje som resultat at det er trong for tiltak på litt lengre sikt som t.d. trafikklys, fortau o.l. som vil vera naturleg å ta opp i dei lokale trafikktryggingsutvala i kommunen.

«Foreldre har hovudansvaret for trafikkopplæringa for eigne barn» - sitat frå rettleiar til Trygg Trafikk. Link til dette dokumentet finn de på www.tryggtrafikk.no

Kommunen har det økonomiske ansvaret når avstanden er kortare enn to/fire km. Dersom det må settast inn ein større buss eller det må etablerast særskilt skyss for å oppfylle retten til elevane, må kommunen dekke utgiftene for dette, jf. merknader til § 13-4 i Opplæringslova.

2.4 Båttransport

Kjelde: Opplæringslova § 7-1

Når det er nødvendig, har elevar rett på gratis båttransport utan omsyn til reiselengd.

Ved båttransport må elevane akseptere ein gangavstand på ein km for 1. klasse eller to km for 2. – 10. klasse.

Fylkeskommunen har avgjerdsmynde i saker vedkomande privat båttransport.

KOMMENTAR:

Søknad om privat båttransport skal sendast via skulen/kommunen til fylkeskommunen som tek avgjerd i saka. Fylkeskommunen organiserer skyssen i samråd med kommunen.

3 SKYSS FOR ELEVAR MED VARIG FUNKSJONSHEMMING

Kjelde: Opplæringslova § 7-3

Merknader frå Ot.prp. nr. 46 (1997-98) til § 7-3

Elevar med varig funksjonshemming har rett til gratis skuleskyss uavhengig av avstanden mellom heim og skule/SFO. Funksjonshemminga må dokumenterast med sakkyndig erklæring. Som sakkyndig erklæring blir rekna uttale frå lege/psykolog/PPT-rådgivar. Uttalen må innehalde skildring av skyssbehovet (buss eller drosje).

Elevar som ikkje er rørslehemma og som ein må rekne med kan følgje ordinær skulebuss, skal få tilbod om busstransport eventuelt med følgeordning under reisa eller tilsyn/følgje til/frå busstransport etter behov.

I særskilde høve vel foreldra sjølve å skyss barnet, privatskyss. Vi legg då staten sitt skyssregulativ til grunn med minstetakst tilsvarande minstetakst for drosje. Ev. betaling av ferjebillettar eller bomavgifter, skal dokumenterast og sendast saman med søknad om refusjon. Eventuelle avtalar om privatskyss og refusjon skal avklarast med fylkeskommunen/kommunen før ordninga vert etablert.

KOMMENTAR:

Ved privatskyss som strekkjer seg over eit heilt skuleår, skal den som utøver transporten ha køyreseddel.

4 SKYSS FOR ELEVAR MED MELLOMBELS SKADE

Kjelde: Opplæringslova § 7-3

Merknader frå Ot.prp. nr. 46 (1997-98) til § 7-3

Elevar med mellombels skade/sjukdom har rett til gratis skuleskyss uavhengig av avstanden mellom heim og skule/SFO. Skade/sjukdom må dokumenterast med sakkyndig erklæring. Som

sakkyndig erklæring blir rekna uttale frå lege/psykolog/PPT-rådgivar. Uttalen må innehalde skildring av skyssbehovet (buss eller drosje), og kva periode det er nødvendig med spesialskyss.

Elevar som ikkje er rørslehemma og som ein må rekne med kan følgje ordinær skulebuss, skal få tilbod om busstransport eventuelt med følgeordning under reisa eller tilsyn/følgje til/frå busstransport etter behov.

KOMMENTAR:

Kommunane syter for skyss til elevar som på grunn av skade eller sjukdom ikkje kan koma til skulen på vanleg måte, men som elles kan følgje undervisninga.

Dersom eleven sin helsetilstand tillet det, skal det nyttast offentleg skyssmiddel der dette er mogleg. I slike høve kan det eventuelt nyttast drosje/privatskyss til nærmaste busshaldeplass.

Dersom det er naudsynt med ekstraskyss (t.d. drosje eller privat skyss) parallelt med offentleg oppsett skulerute/vanleg personrute, **må** legen spesifisere dette i legeattesten.

I særskilde høve vel foreldra sjølve å skyss barnet. Vi legg då staten sitt skyssregulativ til grunn med minstetakst tilsvarande minstetakst for drosje. Ev. betaling av ferjebillettar eller bomavgifter, skal dokumenterast og sendast saman med søknad om refusjon. Avtale om privatskyss og refusjon skal avklarast med fylkeskommunen/kommunen før ordninga vert etablert.

5 SKYSSRETT FOR SÆRSKILDE ELEVGRUPPER

5.1 Skyss til private grunnskular

Kjelde: Privatskulelova § 3-7

Elevar ved private grunnskular som har statstøtte får dekkja skuleskyss etter reglane som gjeld for tilsvarande offentlege skular, føresett at skulen ligg innanfor eleven sin heimkommune.

I tilfelle der privatskulen ligg i annan kommune enn eleven sin heimkommune, har verken kommune eller fylkeskommune skyssansvar frå kommunegrensa til skulen. Skule, foreldre eller føresette må i slike tilfelle dekke skyssen frå kommunegrensa til skulen.

KOMMENTAR:

Heimkommunen betalar refusjon etter gjeldande persontakst på strekninga frå heimen - til kommunegrensa.

5.2 Vaksne med rett til opplæring

Kjelde: Opplæringslova §§ 4A-7 og 4A-2
Ot.prp. nr 44 (1999-2000)

Vaksne som ikkje har fullført grunnskulen, og som bur fire km eller meir frå skulen, har rett til gratis skyss når dei får grunnskuleopplæring etter kapittel 4A-7.

Vaksne som på grunn av funksjonshemming, sjukdom eller skade har behov for det, har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda når dei får grunnskuleopplæring etter kapittel 4A-7. Vaksne som treng grunnskuleopplæring for å kunne utvikle og vedlikehalde grunnleggjande læring, har rett på gratis skyss.

Vaksne innvandrarakar som får tilbod om undervisning i norsk/samfunnsfag har ikkje ein skyssrett. Kommunen må i slike tilfelle vurdere å dekke utgifter ved slik skyss.

KOMMENTAR:

Vaksne som tidlegare har fullført grunnskulen, men som likevel treng meir grunnskuleopplæring utifrå andre årsaker enn det som er heimla i opplæringslova § 4A-2, har ikkje krav på skyss m.m.

Vaksne som ikkje har fått avgjort opphaldsstatus, mellom andre asylsøklarar, har ingen rett til grunnskuleopplæring og heller ingen rett til skyss, jf. merknader til opplæringslova § 4A-1.

Som hovudregel skal elevane følgje rutegåande skyssmiddel. Dersom opplæringstilbodet er lagt til kveldstid må skuleskyssen tilpassast dette. I særskilde høve kan det etablerast egne skyssordningar etter avtale med fylkeskommunen/kommunen dersom eleven ønskjer å utføre skyssen sjølv. Ein legg då staten sitt skyssregulativ til grunn. Kostnader utover dette, betaling av ferjebillett eller bomavgift, skal dokumenterast og sendast saman med søknad om refusjon. Refusjon av reiseutgifter vert utbetalt etterskotsvis når kvart semester er avslutta, i januar og juli. Eventuelle avtalar om privatskyss og refusjon skal avklarast før ordninga vert etablert.

Der det er trong for ekstraskyss med drosje, organiserer fylkeskommunen denne i samråd med kommunane og ruteselskapa. Vilkår for særskilt tilpassa skyssopplegg:

- Det må liggje føre kommunalt vedtak om at eleven har særleg trong for spesialundervisning på grunnskulen sitt område. Vedtaket må innehalde tal undervisningstimar, dagar og opplæringsstad.
- Det må liggje føre sakkunnig vurdering (lege/psykolog/PPT-rådgivar) dersom eleven sin funksjonshemming er slik at eleven ikkje kan reise med dei vanlege rutene, men må ha særskilt tilpassa skyssopplegg.

For vaksenopplæringslevar med eit opplærings- og aktivitetstilbod på same stad skal skyssutgiftene delast likt mellom fylkeskommunen og kommunen.

Kommunen dekker dei totale skyssutgiftene til behandlings- eller aktivitetstilbod. Kommunen betaler refusjon etter gjeldande persontakst for vaksne på den aktuelle strekninga.

6 ELEVEN SIN HEIM

6.1 Delt bustad

Kjelde: Rundskriv Udir-3-09, punkt 4

Bustad er i utgangspunktet den adressa eleven står oppført med i folkeregisteret. Ved delt bustad (tidlegare delt omsorg) er bustad begge foreldrebustadane. Asylmottak, fosterheim og avlastningsheim er òg bustad.

Udir-3/09, punkt 4: *«Eit barn kan ha rett til skyss frå begge dei føresette sine bustader etter opplæringslova § 7-1, så sant barnet faktisk har delt bustad. Eit barn har delt bustad når det bur tilnærma like mykje på begge*

stader. Eit barn med «vanleg samværsavtale» etter barnelova, har dermed ikkje delt bustad. I vurderinga av om barnet har delt bustad i høve til reglane om skyss, må det takast omsyn til om retten til skyss er etablert for å sikre opplæringsretten. Reglane om skyss har ikkje som føremål å sikre «vanleg samvær». Utgifter til dette må foreldra dekke sjølve.»

KOMMENTAR:

Eit barn har delt bustad når det bur tilnærma like mykje på begge stadar. Skulane/kommunane innhentar slik dokumentasjon før skuleskyss vert tinga. [Skjemaet «Avtale om delt bustad»](#) er eit skjema ein gjerne kan nytte til dette. Skyssretten gjeld og når den eine av heimane ligg i ein annan kommune. Utdrag frå rundskriv Udir-3/09: «Det er likevel viktig å merke seg at vurderingar knytt til forsvarleg reisetid vil kunne avgrense rett til skyss frå begge bustadar.»

Når barnet besøker den av foreldra som ikkje har det daglege omsorgsansvaret, har ikkje fylkeskommunen ansvar for skuleskyssen.

Det må vere avtalt kvar barnet bur slik at det er mogleg å planlegge ein skyss, eksempelvis anna kvar veke eller to veker av gangen hjå kvar av foreldra.

Kommunen som eleven er folkeregistrert i, er ansvarleg for å oppfylle retten til grunnskuleopplæring og skyss. Kommunen betaler refusjon etter gjeldande persontakst for born på strekninga.

6.2 Barn i asylmottak

Kjelde: Opplæringslova § 2-1

Barn som bur i asylmottak har rett til fri skuleskyss etter gjeldande reglar når dei mottek grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 2-1. Retten til grunnskuleopplæring gjeld når det er sannsynleg at barnet skal opphalde seg i Norge i meir enn tre månader. Asylmottaket vert rekna som eleven sin heim.

Vaksne som ikkje har fått avgjort opphaldsstatus, m.a. asylsøklarar, får ingen rett til grunnskuleopplæring og har såleis heller ikkje skyssrett. I den grad det vert tilrettelagt eit undervisningsopplegg, skal skyssutgiftene i heilheit verte dekkja av kommunen/asylmottaket.

6.3 Elevar i fosterheim

Kjelde: Opplæringslova §§ 13-1 og 13-4

Forskrifter kap. 18

Barn som bur i fosterheim har rett på fri skuleskyss etter gjeldande reglar. Fosterheimen blir rekna som eleven sin heim. Dersom fosterheimen ligg i ein annan kommune enn skulen, er omsorgskommunen ansvarleg for å dekke persontaksten. Omsorgskommunen er den kommune som har fatta vedtak om at eleven skal i fosterheim.

Nærskuleprinsippet gjeld også for fosterheimsplasserte elever.

6.4 Mellombels bustad

Kjelde: Rundskriv Udir-3-09, punkt 5

Elevar som i ein særskilt situasjon mellombels må bu utanfor heimen, har rett til opplæring på den skulen som er den «opphavlege» nærmiljøskulen. Dette betyr at born som i særskilte situasjonar mellombels bur utanfor heimen vil ha rett til skyss dersom dei ordinære vilkåra er innfridde. Dette gjeld også om mellombels bustad er i ein annan kommune.

Ved barnevernssaker har barnevernet ansvar for meirkostnader ved skyss fram til barnet har fått ein meir permanent bustad.

Det er heimkommunen som er økonomisk ansvarlig for skuleskyssen.

KOMMENTAR:

Døme på mellombels bustad kan vere krise i heimen som fører til at eleven må bu i krisesenter saman med ein av foreldra. Det kan også vere åleineforeldre som vert alvorleg sjuke og at barnet for ein periode må bu hjå slektningar.

6.5 Elevar i avlasting

Elevar i avlasting har rett på fri skuleskyss etter gjeldande reglar. Avlastingsheimen vert rekna for eleven sin heim dei dagane eleven er i avlasting. Dersom avlastingsheimen ligg i ein annan kommune, er heimkommunen ansvarleg for å dekke persontaksten.

KOMMENTAR:

Dersom plassering i avlastningsheim medfører vesentlige meirkostnader for fylkeskommunen, må kommunen dekke meirkostnadane for skyssen.

Det er berre avlastning godkjent av kommunen etter enkeltvedtak, som gir rett til slik skuleskyss.

7 ELEVEN SIN SKULE

7.1 Nærmiljøskulen

Kjelde: Opplæringslova § 8-1

Rundskriv Udir-3-09, pkt. 7

Utdanningsdirektoratet si tolkingsuttale §§ 7-1, 8-1 og 13-4

Kommunen avgjer kva skule eleven høyrer til. Elevar soknar i utgangspunktet til den skulen som ligg nærast heimen. Føresette kan likevel søke kommunen om at deira son/dotter skal gå på ein annan skule. Det er kommunen som avgjer om ein elev skal overførast til ein annan skule.

I slike tilfelle har vedkomande som hovudregel ikkje rett på å få dekkja ekstrakostnadane med skyss.

KOMMENTAR:

Utdanningsdirektoratet finn det urimeleg at fylkeskommunen skal dekkje ekstrakostnadane med skyss i slike tilfelle. Eksempel på dette vil vere ved byte av skule, ved fritt val av skule eller at kommunen ikkje har klart å syte for eit tilfredsstillande psykososialt skulemiljø for einskilde elevar. Det same vil gjelde dersom den ordinære opplæringa ein eller fleire dagar i veka er lagt utanfor skulen sitt geografiske område.

7.2 Mellombels undervisning i andre lokale enn nærmaste skule

Kjelde: Opplæringslova § 7-1

Rundskriv Udir-3-09, punkt 7

Dersom undervisninga mellombels må leggest til andre skular på grunn av ombygging/vedlikehald av den ordinære skulen, er fylkeskommunen som hovudregel ansvarlig for skyssen, både praktisk og økonomisk.

7.3 Undervisning fleire stader

Kjelde: Merknader frå Ot.prp. nr. 46 (1997-98) til §§ 7-1 og 13-4

Skuleeigar har det økonomiske og administrative ansvaret dersom undervisninga ein eller fleire dagar i veka er lagt utanfor skulen sitt geografiske område. Døme på dette er:

- køyring til symjeopplæring; skule-symjehall
- gymnastikk/idrettsdag; skule-gymnastikkundervisning
- utplassering i arbeidslivet, arbeidsveke
- ekskursjonar/utflukter
- anna skyss i skuletida, t.d. mellom skule og folkebibliotek
- skyss mellom undervisningsstader i skuletida, også til morsmålundervisning

KOMMENTAR:

Spesialpedagogiske tiltak som vert lagt utanfor skulen, kan t.d. vera ridetimar, symjing i varmtvannsbasseng og tilrettelagt undervisning. Fylkeskommunen er ansvarleg for skyssen etter følgjande måte:

Døme: Heim-skule:

Fylkeskommunen har ansvar for skyssen.

Døme: Heim-skule-spes.ped:

Fylkeskommunalt skyssansvar til skulen. Kommunen har ansvaret frå skulen til det spesialpedagogiske tiltaket. Dersom ”skuledagen” startar/vert avslutta på staden der det pedagogiske tiltaket vert gjeve, har fylkeskommunen skyssansvaret til/frå heimen. Dersom eleven skal tilbake til skulen, er det eit kommunalt skyssansvar.

Døme: Heim-spes.ped.-heim:

Fylkeskommunen har skyssansvar dersom det spesialpedagogiske tilbodet er på ein stad heile dagen, og det er eit fast opplegg.

8 SKYSSTANDARD OG REISETID

8.1 Skysstandard

Kommunen skal kunne vise elevane til skysstilbodet fylkeskommunen alt har sett i gang dersom det oppfyller retten til elevane. Om kommunen ønskjer ei betre tilpassing av skuleskyssen enn skyss etter eleven sine rettar i følge opplæringslova, vert kommunen sjølv ansvarleg for meirkostnader ved dette.

8.2 Akseptabel reisetid

Kjelde: Opplæringslova § 7-1

Merknader frå Ot.prp. nr. 46 (1997-98) til § 7-1

Skuleskyssen må organiserast slik at elevane får akseptabel reisetid. I denne samanheng blir eleven sin alder vektlagt. Reise- og ventetid skal vere forsvarlig både med omsyn til den enkelte elev og ei rasjonell organisering av skyssen.

Elevane må akseptere ei viss reisetid i samband med skuleskyssen. Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar rettleiande samla akseptabel reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) ein veg:

- omlag 45 min for 1.-4. klasse
- omlag 60 min for 5.-7. klasse
- omlag 75 min for 8.-10. klasse

Eleven har ikkje rett på skyss ved avvikande start- og sluttider t.d. ved fritak frå enkelttimar, heildagsprøvar, tentamen, eksamen, skuleavslutning, forskyvingar i skuletida, fleksibel skuletid og når elevane jobbar med lekser med/utan vaksne til stades på skulen.

KOMMENTAR:

Kommunen skal i samråd med fylkeskommunen planlegge reisetider. I enkelte tilfelle kan det verte unntak frå den rettleiande reisetida. Dette gjeld dersom samanslåing av skular kan føre til lengre reiseavstandar, når eleven ikkje går på sin nærskule eller ved «delt bustad» der ein av foreldra flyttar ut av krinsen til nærskulen. Ved delt bustad er det viktig å merke seg at vurderingane knytt til forsvarlig reisetid, vil kunne avgrense rett til skyss frå begge bustadane.

Elevane har rett til tilsyn når det vert ventetid før undervisning tek til og etter at undervisning er slutt (sjå punkt 9.2).

Skyss skal samordnast mellom grunnskular eller mellom vidaregåande skular og grunnskular, jf. pkt. 14 og 15.

9 KOMMUNANE SITT ANSVAR

9.1 Ansvar til kommunen

Kjelde: Opplæringslova § 13-4

Merknader til Ot.prp. nr 46 (1997-98) til § 13-4

Ansvar til kommunen omfattar alle elevar som er busette i kommunen. Fylkeskommunen skal organisere skuleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje vert samde om korleis skuleskyssen skal organiserast, kan departementet (fylkesmannen) gje pålegg.

Ved fastsetting av timeplan og skulerute skal kommunen ta omsyn til skuleskyssen og organiseringa av denne. Det er føremålstenleg at skulane innan kommunen samarbeider om skuleskyssen. Omsyn til økonomiske og rasjonelle skyssløysingar skal vektleggast.

Fylkesmannen skal avgjere eventuelle tvistar mellom kommunen og fylkeskommunen når det gjeld § 13-4 (om pålegg ved usemje om organisering og finansiering av skyss).

9.2 Reisefølgje og tilsyn

Kjelde: Opplæringslova §§ 7-4 og 13-4

Merknader frå Ot.prp. nr 46 (1997-98) til § 7-4

Elevar har rett til nødvendig reisefølgje. Kommunen har ansvaret for å organisere og finansiere slikt reisefølgje. Finansieringa skal dekke skysskostnader og andre utgifter knytt til reisefølgje. Funksjonshemma elevar som ikkje kan reise med kollektivtransport aleine, har rett på følgjeperson frå dør til dør og på bussturen.

Elevar har også rett til nødvendig tilsyn når det vert ventetid før undervisninga tek til og etter at undervisningstida er slutt. Dette gjeld dersom situasjonen ved byte av transportmiddel er særleg farleg. Kommunen vil mellom anna også ha tilsynsplikt med funksjonshemma elevar i transportmiddelet, dersom dette vert vurdert som nødvendig.

Kommunen har avgjerdsmynde og økonomisk ansvar for reisefølgje/tilsyn. Det må leggest fram tilråding frå lege/sakkunnig om at reisefølgje er nødvendig.

9.3 Psykososialt miljø

Kjelde: Opplæringslova §§ 9a-1 og 9a-3

Rundskriv Udir-3-09, punkt 11

Skulen har ansvar for eit godt psykososialt miljø på skulevegen og under skuleskyssen.

Opplæringslova gir den enkelte elev rett til eit godt psykososialt miljø: *«Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysiske og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.»*

Elevene skal såleis sleppe å oppleve krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vold eller rasisme. Eit tiltak for å hindre slik uønska åtferd kan vere at kommunen må sette inn tilsyn på skyssen.

9.4 Følgjeteneste på skuleskyssen for 1. klassingane

Fylkeskommunen tilbyr ei ordning med følgjeteneste på skuleskyssen.

Tilbodet er tiltenkt buss- og båtruter som hovudsakleg vert nytta av 1. klassingar, og følgjepersonen skal hjelpe sjåføren/mannskapet med å halde orden og lære borna gode reisevanar heilt frå starten.

Fylkeskommunen gjev kommunane og ruteselskapa høve til å sette inn ein følgjeperson på skulebussen/båten den første skuleveka om hausten, dvs. 5 skuledagar. I tillegg kan det nyttast ein dag til planlegging. Dvs. at involverte partar som t.d. følgjepersonar, representantar frå operatør og skuleverket får høve til å gjennomføre eit samordnande møte på førehand.

Kommunane/ruteselskapa ordnar med følgjeperson og set i gong ordninga. Kommunane betalar følgjepersonen, og får dekkja utgiftene av fylkeskommunen i ettertid.

9.5 Bortvising frå skuleskyssen

Skuleskyssen er ein lovfesta rett. Det er ikkje høve til å ta med i skyssreglementet noko form for straff eller sanksjonar mot elevar som viser uakseptabel åtferd under skyss til/frå skulen. Dersom skulen ønskjer å regulere åtferd under skuleskyssen, kan det vere praktisk å ta inn reglar om elevåtferd i skulereglementet. I spesielle tilfelle kan det vere nødvendig at skulen går inn med følgjeperson på bussen. Opplæringslova gir i § 2-9 heimel til å gi forskrifter om ordensreglementet for grunnskulen.

Dersom elever har fått tilbod om skuleskyss på feil grunnlag kan kommunen eller fylkeskommunen gjere om vedtaket og inndra skyssretten, for eksempel ved feil avstandsmåling.

9.6 Innlosjering

Kjelde: Opplæringslova § 7-1

Merknader frå Ot.prp. nr. 46 (1997-98) til § 7-1

Innlosjering er eit alternativ i særlege tilfelle. Kommunen skal innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg, til dømes i deler av året kor det ikkje er mogleg med skyss på grunn av klimatiske forhold. I slike vurderingar skal det særleg leggast vekt på tilhøve som gjeld den enkelte elev sin alder, funksjonshemming, reisetid og tryggleik, og om dagleg skyss fører til ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen. I tvilstilfelle avgjer foreldra/føresette om eleven skal skyssast eller innlosjerast.

Kommunen fører tilsyn med grunnskuleelevar som er innlosjert.

9.7 Skyss for førskuleborn

Kjelde: Opplæringslova § 13-4

Merknader til Ot.prp. nr. 30 (2001-02) til § 13-4

Kommunen har ansvar for å skaffe og betale naudsynt skyss til barn under opplæringspliktig alder som får spesialpedagogisk hjelp.

10 SKYSS TIL SKULEFRITIDSORDNING - SFO

10.1 Generelle reglar

Kjelde: Opplæringslova §§ 7-3 og 13-7

Elevar har ikkje rett på skyss til/frå SFO. Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade/sjukdom som har behov for skyss, har rett til tilpassa skyss til og frå SFO. Retten omfattar ikkje skyss i skuleferiane.

Skade/sjukdom må dokumenterast med sakkyndig erklæring. Som sakkyndig erklæring blir rekna uttale frå lege/psykolog/PPT-rådgivar. Uttalen må skissere skyssbehovet (buss eller drosje), og kva periode det er nødvendig med spesialskyss.

10.2 Elevar med tilrettelagt opplæringsstilbod i skulefritidsordninga

Elevar som etter kommunalt einskildvedtak får spesialpedagogisk opplæring med heimel i opplæringslova § 5-1, og opplæringa er lagt til SFO, har rett til skyss som andre elevar.

Elevar som har spesialpedagogisk undervisning i SFO, har rett til skyss alle dei dagane dei faktisk har slik undervisning.

KOMMENTAR:

Skulen/kommunen legg fram dokumentasjon for undervisningsopplegget. Kva dagar det vert gjeve undervisning, samt vedtak om at eleven får undervisning i SFO.

11 PRIVAT SKYSS

Dersom eleven vert transportert av til dømes foreldre/føresette eller nabo, som skal same vegen til jobb, legg vi satsane for pasientreiser til grunn.

12 INFORMASJONSPLIKT

Kommunen og fylkeskommunen har plikt til å informere elevane om deira skyssrettar.

KOMMENTAR:

Fylkeskommunen vil informere kommunane. Kommunane/skulane har ansvar for å informere elev/føresette om gjeldande regelverk.

13 VEDTAK OG KLAGERETT

Kjelde: Opplæringslova § 15-2
Forvaltningslova § 28

Vedtak om grunnskuleskyss er eit einskildvedtak etter forvaltningslova. Vedtaket om fri skuleskyss kan klagast på av part eller dei med rettsleg klageinteresse. Frist for å klage er tre veker rekna frå den dagen eleven mot tok melding om vedtaket. Ei eventuell klage skal sendast til fylkesdirektøren for samferdsle i Sogn og Fjordane fylkeskommune som kan gjere om vedtaket. Dersom klaga ikkje blir gjort om blir saka sendt vidare til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som fattar endeleg vedtak.

Klageretten gjeld spørsmål om retten til skuleskyss og skysstandard.

14 INNMELDING OG SKYSSKORT

Kommunen melder samla skyssbehov for komande skuleår til samferdsleavdelinga snarast råd og innan **1. april**. Innmeldinga skjer på den form/det format fylkeskommunen fastset. Private grunnskular sender inn elevlister/skysslister gjennom kommunen i god tid innan fristen.

Alle elevar – som etter gjeldande retningsliner har krav på fri skyss mellom heim og skule, vil få tildelt skysskort. Dette er å sjå på som vedtak om skuleskyss.

Melding om tapt eller øydelagd kort skal gå gjennom skulen til samferdsleavdelinga som skriv ut nytt kort. Eleven vil få nytt kort snarast råd.

Skuleskysskortet kan ikkje nyttast på fridagar og i feriar.

15 SAMORDNING MELLOM DEI ULIKE SKULANE

Der det er høveleg og økonomisk gunstig, skal det vera felles ruter for vanlege passasjerar, elevar i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. Kravet om samordning gjeld òg for funksjonshemma elevar, ungdom og vaksne som får spesialopplæring i grunnskulen.

Fylkeskommunen kan pålegge elevane gangtid og ventetid dersom det er nødvendig for å oppnå samordning.

Dagleg skulestart og skuleslutt, oppstart og avslutting av skuleåret, fridagar og feriar bør vera samordna for alle skular i same skuleskyssregion for å avgrense talet på køyredagar, jf. merknader til Ot.prp.nr. 46 (1997-98) til § 13-4. For å lette samordninga ber vi om at kommunane følgjer framlegg til samordna årsplan frå skuleutvalet i Sogn og Fjordane v/KS.

16 ADMINISTRASJON / ORGANISERING

Kommunane hjelper fylkeskommunen og ruteselskapa med tilrettelegging av skyssopplegget.

Den innmelde trongen for skuleskyss vil verte grunnlaget for organisering av skyssen og berekning av den kommunale skysskostnaden. Trongen for skuleskyss skal femne om all regelmessig skuleskyss gjennom skuleåret. Skyss av ungdom og vaksne som får spesialopplæring skal gå klart fram av skyssrapporteringa. Sakkunnig vurdering/vedtak må sendast til fylkeskommunen. Det må vidare gå klart fram kva elevar som treng båttransport og kven som ut frå funksjonshemming treng særskilte skyssopplegg.

Kommunen er pliktig til å samarbeide med fylkeskommunen om skyssen, blant anna skal kommunen ta med skyssorganiseringa i vurderingane sine når ein fastset timeplan og skulerute, sjå pkt. 15.

Oppretting av nye ruter eller endringar i gjeldande ruter som fører til meirkostnader for fylkeskommunen, skal godkjennast av fylkeskommunen innan 20. mai før nytt skuleår tek til. Endringar av skuleruter som er annonserte i ruteheftet, må meldast inn til fylkeskommunen seinast 1. mars.

Drosjeskyss og privat skyss med skulerutefunksjon skal, i tillegg til skuleskyss med buss, administrerast av rutebilselskapa, så lenge det er snakk om regelmessig/fast skyss gjennom heile skuleåret.

Båttransport i skulerute vert administrert av fylkeskommunen.

Kommunane har mynde til å administrere skyss i samband med mellombels skade/sjukdom, jf. pkt. 4.

Fylkeskommunen skal organisere skuleskyssen i samråd med kommunen. Drøftingsmøte må finne stad før kommunen gjer vedtak om timeplan og skulerute. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir einige om korleis skuleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg. Fylkesmannen i det enkelte fylke har fått delegert mynde frå departementet til å handsame saker om organisering og finansiering av skuleskyssen.

17 ENDRING I SKYSSREGLEMENTET

Hovudutvalet for samferdsle kan vedta endringar i reglementet. Endringar som får større økonomiske eller prinsipielle konsekvensar for fylkeskommunen, skal leggest fram for fylkesutvalet eller fylkestinget. Eventuelle forslag til endringar som gjeld kommunane sine interesser, skal sendast til kommunane for høyring.

Fylkesrådmannen kan gje utfyllande retningslinjer om administrering av skuleskyssen. Fylkesrådmannen kan ved særskilte høve gjere unntak for reglementet.